

JAZZVERKET med Vegard Døssland på Oska.

27.03.2017



Dyktige JAZZVERKET kjem endeleg til Oska, Torkjell Nerhus(f.v.), Ivar Baste, Gopi Storegjerde og Stein Haugen.

Laurdag 1.april er Jazzverket og trompetist Vegard Døssland tilbake på Sanden. Dei som hugsar den gode stemningen sist dei spela for fult hus der i 2011, veit at dette er noko å glede seg til. Dei skapte også godstemningen på SPAR då dei spela der i 2012. I samband med spelingsa laurdag, har vi motteke denne pressemeldinga:



Vegard Døssland gler seg stort til å spela med JAZZVERKET att!

Endelig er SMAKIFRÅ JAZZ klar med årets første jazzkveld på Oska i Uskedalen. Lørdag 1.april inviterer vi til konsert med JAZZVERKET, som denne kvelden har tatt med seg Uskedalens nå utflyttede trompetist Vegard Døssland. Kjøkkenet på Oska vil gjøre seg flid med å sette sammen en fin treretters middagsmeny, og for de som ønsker å være med på en helaften med middag, så må bord bestilles senest dagen før. Det er ikke bare vi på Oska som gleder oss. Her er hva Jazzverket skriver selv.

## **Endeleg er Vegard Døssland med Jazzverket igjen!**

Vi i Jazzverket er glade for at Vegard tar turen over fjellet for å spele med oss i Jazzverket igjen. Første gong var han vel knapt 16. Då visste vi at han var ein ypparleg korpsmusikar, men at han også hadde ein så fin jazzfeeling gledde oss stort. No gler vi oss til å sjekke om han har halde jazzkunstane sine i hevd. Spennande er det og at han har inspirert oss til eit meir elektronisk uttrykk denne gongen.

I tillegg har Gopi tatt med seg nytt materiale inn i bandet. Så når dette blir blanda med vårt «gamle repertoar» med balladar, swing- og latinlåtar, kan vi love ein variert og spennande konsert.

Vi har smakt maten til Roy før og liker konseptet hans. Derfor ser vi fram til ein flott kveld på Oska. Vi gler oss!

Pressemelding

Foto: Jazzverket og Leif Arne Døssland

Nett: Thor Inge Døssland